



Q1 2022

Kvartalsrapport



Innhold

Hovud-/nøkkeltal	s. 4
Rapport frå styret	s. 8
Resultat	s. 15
Balanse	s. 16
Eigenkapitaloppstilling	s. 17
Kontantstraumoppstilling	s. 18
NOTAR	
Note 1 - Rekneskapsprinsipp	s. 21
Note 2 - Segmentinformasjon	s. 22
Note 3 - Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	s. 23
Note 4 - Tap på utlån og garantier	s. 24
Note 5 - Kapitaldekning	s. 29
Note 6 - Finansielle eignelutar vurderte til verkeleg verdi	s. 31
Note 7 - Verdipapirgjeld og ansvarleg lån	s. 33
Note 8 - Innskot frå kundar	s. 34
Note 9 - Likviditetsrisiko	s. 35
Note 10 - Eigardelskapital og eigarstruktur	s. 36
Note 11 - Viktige rekneskapestimat og skjønsmessige vurderingar	s. 36
Erklæring frå styret sine medlemmar og adm.direktør	s. 37

Nøkkeltal

19,3 mill. kr

Resultat for perioden

5,3 %

Eigenkapitalavkastning

18,4 %

Rein kjernekapitaldekning

Hovudtal

RESULTAT

(beløp i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for året)

	31.03.2022		31.12.2021		Omarb 31.03.2021	
	Tusen kroner	%	Tusen kroner	Tusen kroner	%	
Renteinntekter	65.224		222.135	53.304		
Rentekostnader	28.003		75.095	18.585		
Netto renteinntekter	37.221	1,23 %	147.041	34.719	1,26 %	
Netto renteinntekter inkl. provisjon frå KF						
Provisjonsinntekter	20.654		92.374	23.272		
Provisjonskostnader	1.430		6.531	1.257		
Andre driftsinntekter	393		807	143		
Netto provisjons- og andre inntekter	19.616	0,65 %	86.508	22.158	0,80 %	
Netto provisjons- og andre inntekter eksl. KF						
Utbytte	4.563		13.887	6.862		
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar	1.168		44.091	5.024		
Netto verdiending på finansielle eignelutar	3.397		5.008	8.139		
Netto avkastning på finansielle investeringar	9.127	0,30 %	62.968	20.025	0,73 %	
Sum inntekter	65.965	2,19 %	296.517	76.902	2,79 %	
Personalkostnader	17.704		69.845	16.101		
Administrasjonskostnader	9.372		39.861	9.317		
Avskrivningar varige driftsmidlar	1.481		6.213	1.461		
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-		-	-		
Andre driftskostnader	4.528		19.743	4.364		
Sum driftskostnader	33.085	1,10 %	135.661	31.243	1,13 %	
Resultat før tap	32.880	1,09 %	160.856	45.659	1,66 %	
Nedskrivning aksjar	-		632	-248		
Tap på utlån, garantiar	10.350		9.009	2.510		
Resultat før skatt	22.530	0,75 %	151.215	43.397	1,58 %	
Skattekostnad	3.170		20.383	7.900		
Resultat for perioden	19.360	0,64 %	130.832	35.497	1,29 %	

Nøkkeltal

(beløp i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for året)	31.03.2022	31.12.2021	Omarb. 31.03.2021
Lønsemd			
Eigenkapitalavkastning etter skatt ¹⁾	5,3 %	9,4 %	10,7 %
Kostnadsprosenten ²⁾	50,2 %	45,8 %	40,6 %
Balansetal (tal i heile millionar kroner)			
Brutto utlån til kundar	9.900	9.706	9.176
Brutto utlån til kundar inkl. KF ³⁾	13.574	13.383	12.730
Innskot frå kundar	8.920	8.397	7.736
Innskotsdekning	90,1 %	86,5 %	84,3 %
Innskotsdekning inkl. KF ³⁾	65,7 %	62,7 %	60,8 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	7,9 %	5,4 %	5,4 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. KF ³⁾	6,6 %	6,3 %	9,1 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	15,3 %	16,4 %	9,0 %
Forvaltningskapital	12.279	11.921	11.166
Forvaltningskapital inkl. KF ³⁾	15.953	15.598	14.629
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) i kvartalet	12.099	-	11.794
Tap og misleghald			
Tapsprosent utlån ⁴⁾	0,42 %	0,09 %	0,11 %
Tapsprosent utlån inkl. KF ^{3), 4)}	0,31 %	0,07 %	0,08 %
Soliditet (tal i heile millionar kroner) forholdsmessig			
Rein kjernekapitaldekning	18,4 %	18,8 %	18,0 %
Kjernekapitalsprosent	19,3 %	19,8 %	19,0 %
Kapitaldekning	21,6 %	22,2 %	21,5 %
Rein kjernekapital	1.330	1.336	1.205
Kjernekapital	1.399	1.403	1.271
Ansvarleg kapital	1.565	1.578	1.438
Risikovekta balanse	7.246	7.098	6.698
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,2 %	8,4 %	8,3 %
Likviditetsdekning (LCR) ⁵⁾	155 %	163 %	262 %
Bemanning			
Tal på årsverk	65	63	65
Eigenkapitalbevis ⁶⁾ (tal i heile tusen kroner)			
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	2,00	12,95	3,11
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	137.984	137.984	125.031
Eigenkapitalbevisbrøk i %	10,31 %	10,28 %	10,22 %

1) Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.

2) Sum driftskostnader i % av sum inntekter.

3) Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt.

4) Nærare forklart i årsrekneskapan under utrekning av måltal.

5) Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.

6) Tal er for morbank.

7) Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).



Rapport frå styret

SpareBank 1 Søre Sunnmøre

(tall i parantes gjeld same periode i fjor om ikkje anna er nevnt)

SpareBank1 Søre Sunnmøre solgte alle aksjane i det tidlegare heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS ved utgangen av 2. kvartal 2021. Rekneskapsføring etter konsern opphøyrd dermed per 30.06.2021 og resultatrekneskapsen syner no kun resultatet i banken. Historisk resultat og balanse for banken er omarbeida frå historisk kost til eigenkapitalmetoden med omsyn på investering i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). SpareBank1 Søre Sunnmøre eig 7,53 prosent av SamSpar.

Det var 65 tilsette i SpareBank1 Søre Sunnmøre ved utgangen av 1. kvartal - til saman utgjer dette 65 årsverk.

Resultat i første kvartal


Perioda 01.01.2022 – 31.03.2022

Resultat før skatt i 1. kvartal 2022 er på 22,5 mill.kr. Banken aukar netto rente- og provisjonsinntekter frå same periode i 2021. Lågare inntekter frå finansielle investeringar og auke i tap gjer at resultat etter skatt er 20,8 mill.kr lågare enn same periode i 2021.

Avkastninga på eigenkapitalen i 1. kvartal 2022 vart 5,3 prosent mot 10,7 prosent i tilsvarande periode i fjor.

Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter

Utvikling i totale inntekter i mill.kr



Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak aukar 2,6 prosent frå same periode i 2021 og utgjer 44,2 mill.kr. Fall i utlånsmarginen som følgje av ein stigande pengemarknadsrente har vorte kompensert med høgare utlånsvolum til privatmarknaden. Den monalege auken i pengemarknadsrenta har på den andre sida medført ei vesentleg forbetring i innskotsmarginane. Norges Bank heva styringsrenta frå 0,25 prosent til 0,5 prosent den


15. desember og vidare til 0,75 prosent den 23. mars. Banken justerte utlåns- og innskotsrentene tilsvarande med inntil 0,25 prosentpoeng ved desse høva. Førstnemnde endring blei effektiv frå starten av februar på eksisterande kundar, medan den siste renteendringa vert effektiv frå 11. mai på eksisterande bustadlånkundar. Fleire rentehevingar frå Norges Bank er venta, men skjerpa konkurranse om utlån til privatmarknaden vil fortsette å legge press på utlånsmarginen.

Netto provisjonsinntekter og andre inntekter eksl. provisjonsinntekter frå kredittføretak var 12,7 mill.kr i første kvartal mot 12,3 mill.kr i tilsvarande periode i 2021. Justert for feil utbetaling av provisjon til banken i første kvartal 2021 på 1,5 mill.kr er den korrigerte veksten på 1,9 mill.kr tilsvarande 17,6 prosent. Auke i provisjonsinntekter kjem frå forsikring og betalingsformidling. Opphevinga av smitteverntiltak i 1. kvartal 2022 medførte som venta høgare konsum og fleire transaksjonar med kreditt- og debetkort.

Netto avkastning på finansielle eignelutar er 9,1 mill. kr mot 20,0 mill. kr i tilsvarande periode i 2021. Utbytte på direkteinvesteringar er 4,6 mill.kr. Inntekt frå felleskontrollert verksemd er redusert med 3,8 mill.kr til 1,2 mill.kr i første kvartal 2022. Nedgangen skuldast svakare resultat frå SpareBank 1 Gruppen sin eigarandel i Fremtind Forsikring.

Driftskostnader

Totalt driftskostnader i mill.kr og driftskostnader i prosent av totale inntekter



Totalt driftskostnader er på 33,1 mill.kr mot 31,2 mill.kr i same periode i 2021. Auken er hovudsakleg relatert til høgare aktivitetsnivå i 2022 samanlikna med første kvartal 2021 som var prega av Covid-19 pandemien.

Kostnader i prosent av totale inntekter utgjer 50,2 prosent per 31.03.2022 mot 40,6 prosent for tilsvarande periode i fjor. Sjølv om totale driftskostnader auka i første kvartal 2022 er auken i kostnadsprosenten

hovudsakleg forklart av lågare inntekter enn same periode i fjor. Kostnadar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,10 prosent samanlikna med 1,13 prosent i same periode i 2021.


Tap og misleghald

Resultatrekneskaperen er belasta med 10,4 mill. kr i tap som fordelar seg med 9,7 mill.kr på bedriftsmarknaden og 0,7 mill.kr på privatmarknaden. Dette er ei auke på 7,9 mill. kr mot første kvartal 2021. Dette utgjør 0,42 prosent av brutto utlån ved utgangen av 1. kvartal. 2022.

Per 31.03.2022 utgjør totale tapsavsetningar på balansen 71,5 mill. kr før tilbakeføring av verkeleg verdi over resultatet. Dette svarar til 0,72 prosent av brutto utlån og garantiar. Av dette utgjør tapsavsetningar knytt til fartøy som opererer offshore 22,1 mill.kr.

Utlån under trinn 3 utgjør 38,7 mill.kr (10,4 mill.kr) og svarar til 0,39 prosent av brutto utlån (0,11 prosent). Av dette utgjør tapsavsetningar knytt til fartøy som opererer offshore 19,9 mill.kr. Auken i trinn 3 frå same periode i 2021 skuldast regelverket for merking av misleghaldne engasjement.

Tapsavsetningar i balansen fordelt på trinn



Balanse

Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital var 12.278,6 mill.kr og har auka med 1.112,7 mill.kr tilsvarande 10 prosent det siste året. Auken kjem som følgje av auka utlånsvolum og likviditetsbeholdning.


Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 15.953,0 mill.kr og har auka med 1.323,6 mill.kr tilsvarande 9,0 prosent det siste året.

Utlån

Brutto utlån på eigen balanse er 9899,8 mill.kr per 31.03.22 (9.176,4 mill. kr). Dette gir ein 12 – måneders vekst på eigen balanse på 723,4 mill.kr tilsvarande ein auke på 7,9 prosent sidan 31.03.21. Veksten inklusive

lån solgt til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 6,6 prosent og svarar til totale utlån eigd og forvalta av banken på 13.574,1 mill.kr (12.729,6 mill.kr).

Brutto utlån til kundar i mill.kr og 12 mnd prosentvis vekst inkl. kredittføretak




Ved kvartalsskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 3.520,8 mill. kr (3.395,5 mill.kr) og 153,6 mill.kr (157,7 mill.kr).

Totale utlån til privatmarknaden aukar 7,3 prosent det siste året. Dette svarar til ein auke på 776,9 mill.kr dei siste 12 månadane til 11.483,3 mill.kr inkludert utlån solgt til SpareBank1 Boligkreditt.

Totale brutto utlån til bedriftsmarknaden, inkludert lån solgt til SpareBank 1 Næringskreditt, er på 2.090,9 mill.kr. Dette er ein auke på 67,5 mill.kr, det siste året og svarar til ein 12 mnd vekst på 3,3 prosent.

Fordelinga av totale engasjement syner at det er god bransjespreiing i bedriftsmarknadsportefølja.

Bransjespreiing målt som prosentvis andel av total eksponering i bedriftsmarknadsportefølja




Andelen oljerelaterte engasjement utgjer 11,1 prosent av samla volum av utlån og garantiar innan bedrifts-marknaden. Dette er ein reduksjon på 3,3 prosentpoeng samanlikna med 31.03.21. I prosentdel av totale utlån og garantiar i banken inkludert lån solgt til kredittføretak utgjer oljerelaterte engasjement 1,8 prosent.

Innskot

Innskot har auka med 1,183,2 mill.kr (636,7 mill.kr) siste 12 månader til 8.919,7 mill.kr ved utgangen av kvartalet. Dette svarar til ein vekst på 15,3 prosent (9,0 prosent).

Innskot i mrd.kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak



Innskot frå personkundar er auka med 488,6 mill.kr til 5.211,6 mill.kr, og dette svarar til ein vekst på 10,3 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er auka med 694,6 mill.kr til 3.708,2 mill.kr siste 12 månader, noko som svarar til ein auke på 23,0 prosent.

Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet der innskot frå kundar utgjer det vesentlege av banken si finansiering. Innskotsdekninga er på 90,1 prosent per 31.03.2022 (84,3 prosent), og 65,7 (60,8) prosent inklusive utlån overført til kredittføretak.

Gjeld stifta ved utferding av senior obligasjonar er på 1.649,8 mill.kr per 31.03.2022 (1817,8 mill.kr) og målt i prosent av forvaltningskapital svarar dette til 13,4 prosent.

Banken arbeidar målretta med å ha god spreing i forfallsstrukturen på obligasjonsgjelda. Av uteståande obligasjonsgjeld med nominell verdi på 1.646,0 mill.kr forfell 411 mill.kr om under 1 år, 610 mill. kr har forfall mellom 1 og 3 år, og 625 mill.kr har forfall over 3 år.

Banken rapporterer ein LCR på 155 prosent ved utgangen av kvartalet (262 prosent).

Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 31.03.2022 er rein kjernekapital i banken på 18,0 prosent.

Som følgje av at banken har eigarandelar i samarbeidande gruppar utfører banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert er 18,4 prosent og 3,3 prosentpoeng over det regulatoriske kravet inkludert intern buffer. Kjernekapital utgjer 19,3 prosent og kapitaldekninga 21,6 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjer 8,2 prosent forholdsmessig konsolidert.

Motsyklisk buffer blei av Finansdepartementet etter råd frå Norges Bank redusert frå 2,5 prosent til 1 prosent den 13. mars 2020. Bankens sitt regulatoriske krav på rein kjernekapital er etter dette 14,1 prosent. Det interne kravet på rein kjernekapitaldekning er 15,1 prosent.

Norges Bank har i seinare tid gitt Finansdepartementet råd om å auke motsyklisk buffer til 1,5 prosent med verknad frå 30. juni 2022, 2,0 prosent med verknad frå 31.12.2022 og 2,5 prosent med verknad frå 31.03.2023. I tillegg vil systemrisikobufferen bli auka frå dagens nivå på 3,0 prosent til 4,5 prosent med verknad frå 31.12.2022.

Utsiktene framover

Dei to siste åra med pandemi har vore krevjande for hushaldningane og næringslivet. Lokalsamfunnet har likevel vist stor vilje til omstilling og dei fleste kan sjå tilbake på ei tid med stigande bustadprisar, lågare arbeidsløysse og auka optimisme i næringslivet.

I arbeidsmarknaden fortsatte nedgangen i arbeidsløysa også i 1. kvartal 2022. Andelen heilt ledige i Møre og Romsdal er på 1,8 prosent ved utgangen av mars 2022. Tala frå NAV syner at arbeidsløysa er høgast i den ytre regionen med ein arbeidsmarknad som er meir konjunktursensitiv. Den indre regionen med Ørsta og Volda har ein andel heilt ledige på 1,6 prosent av arbeidsstyrken. Det er venta at den positive utviklinga vil fortsette med tilgong på stillingar som har vore på eit høgare nivå enn same periode i fjor.

Nivået på bustadprisane har auka 8,0 prosent det siste året målt ved andre område i Møre og Romsdal (eksl. dei større byane i fylket). Omsetningstida er på nivå med førre kvartal. Det er venta at utviklinga i bustadprisane vil vere positiv også gjennom 2022 mellom anna grunna låg arbeidsløysse og høg etterspørsel etter arbeidskraft som driv opp lønsveksten.

Bankens sine utlån til privatmarknaden har auka 7,3 prosent det siste året. Dette er 2,3 prosentpoeng over den nasjonale kredittveksten. Bankens tek dermed marknadsandelar i form av utlånsvolum og tinglyste pant i marknadsområdet. Det er venta at konkurransen om privatkundane vil vere skjerpa også i tida framover, men banken er godt kapitalisert for å styrke posisjonen sin ytterlegare.

Vidare vekst og høgare krav innanfor etterleving vil krevje fleire årsverk i tida framover. Auka regulatoriske krav innanfor bankverksemd krev meir ressursar innanfor etterleving. Auka satsing med planlagt opning av bankkontor i nabokommuna Stryn er ei naturleg utvikling etter kommunesamanslåing. Det er venta at driftskostnadane i banken vil stige med nye årsverk.

Sjølv om utsiktene er positive for marknadsområdet til banken har næringslivet dei to siste åra måtte forholde seg til store omveltingar i omgjevnadane. Først gjennom ein krevjande pandemi, som deretter blei avløyst av krigen i Ukraina på dørstokken til EU. Fortsatt total nedstenging av sentrale områder i Kina og etterverkningar frå Covid-19 pandemien ytterlegare forsterka av krigen i Ukraina påverkar mangel på innsatsfaktorar, forsinkelsar i logistikkjeda, prisstigning og kraftig auke i energiprisar. Få kundar av banken er direkte råka av sanksjonane mot Russland, men pandemi og krig verkar også indirekte inn på næringslivet i regionen.

Regionalt nettverk for Norges Bank syner at næringslivet i nordvest ventar auka prisvekst framover og opplev kapasitetsproblem og knappheit på arbeidskraft, mellom anna gjennom tilgong på utanlandsk arbeidskraft. Ein må tilbake til 2008 for å sjå ein like stor andel av bedriftene som vil ha problem med å møte vekst i etterspørsel. Dette kan tyde på høg kapasitetsutnytting. Sjølv med kapasitetsproblem ventar bedriftene å auke produksjon- og sysselsetting dei neste 3-6 månadane. Vekst i utsalprisar er venta å tilta, medan usiktene til lønsemd er noko lågare enn i førre rapport gitt auka kostnader til løn og innsatsfaktorar. Dette har vore ei utfordring for mellom anna byggebransjen som då kan velje å utsette prosjekt.

Olje- og gassprisar har vore på eit høgt nivå sidan årsskiftet, og krigsutbrotet i Ukraina har medført store prissvingningar med bakgrunn i auka geopolitisk risiko og energiusikkerheit for EU. EU vert med andre ord meir avhenging av leveransar av norsk gass og olje. Dette kan verke drivande for fleire investeringar på norsk sokkel. Her kan det kome fleire små og mellomstore prosjekt som aukar etterspørselen etter tenester. Dette vil krevje meir ressursar og auke etterspørsel etter arbeidskraft og tenester levert av bedrifter i marknadsområdet til banken.

Norges Bank satte den 24. mars opp styringsrenta til 0,75 prosent. I same møte justerte Norges Bank også opp prognosa for styringsrenta. Det er signalisert at styringsrenta sannsynlegvis vil bli satt opp på juni-møtet, med fleire rentehevingar framover. Dei stigande rentene legg mellombels press på utlånsmarginen. Stigande bustadlånsrenter vil på eit tidspunkt mest sannsynleg påverka etterspurnaden etter kreditt og bustadprisane negativt. Dette vil skjerpe konkurransen om eksisterande bustadlånkundar og bidra til å oppretthalde press på utlånsmarginen. Stigande renter fører også til auka finansieringskostnader for bedrifter som på generelt grunnlag kan medføre ein auke i tap og misleghald i tida framover.

Styret er av den oppfatning av at banken i utgangspunktet har moderat tapsrisiko knytt til utlån.


Banken er godt kapitalisert med god likviditet, og som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre.

Volda, 10. mai 2022

I styret for SpareBank 1 Søre Sunnmøre




Kjell Arvid Storeide
Styrelsiar




Ole Reinhart Notø
Nestleiar



Grete Jorun Halkjelsvik
Styremedlem




Arild Hatløy
Styremedlem



Bente Fylken
Styremedlem



Solveig Moe Frøland
Styremedlem



Runar Gretland
Tilsetterepräsentant



Møyfrid Lillenes
Tilsetterepräsentant



Stig Brautaset
Administrerande direktør



Rekneskap

Resultat

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.03.2022	Omarb. 31.03.2021*	31.12.2021
Renteinntekter målt til amortisert kost	1	61.507	48.730	204.770
Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	3.717	4.574	17.365
Rentekostnader		28.003	18.585	75.094
Netto renteinntekter		37.221	34.719	147.041
Provisjonsinntekter		20.654	23.272	92.374
Provisjonskostnader		1.430	1.257	6.531
Andre driftsinntekter		393	143	665
Netto provisjons- og andre inntekter		19.616	22.158	86.508
Utbytte		4.563	6.862	13.887
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		1.168	5.024	44.073
Netto verdiending på finansielle eignelutar		3.397	8.139	5.008
Netto avkastning på finansielle investeringar		9.127	20.025	62.968
Sum inntekter		65.965	76.902	296.517
Personalkostnader		17.704	16.101	69.845
Administrasjonskostnader		9.372	9.317	39.861
Avskrivningar av varige driftsmidlar		1.481	1.461	6.213
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		-	-	-
Andre driftskostnader		4.528	4.364	19.743
Sum driftskostnader		33.085	31.243	135.661
Resultat før tap		32.880	45.659	160.856
Nedskrivning aksjar		-	-248	632
Tap på utlån, garantiar	4	10.350	2.510	9.009
Resultat før skatt		22.530	43.397	151.215
Skattekostnad		3.170	7.900	20.383
Resultat for perioden		19.360	35.497	130.832
Utvida resultatrekneskap				
Resultat for perioden		19.360	35.497	130.832
<i>Postar som ikkje kan bli reklassifisert over resultatet</i>				
Netto estimat- og skatteavvik pensjonar		-	-	-99
<i>Postar som kan bli reklassifisert over resultatet</i>				
Andel utvida resultat i felleskontrollert verksemd		4	-	324
Endring verkeleg verdi, utlån		527	4	-3.287
Skatteeffekt		-132	-1	822
Utvida resultat i perioden		399	3	-2.240
Totalresultat for perioden		19.759	35.500	128.592

* Resultatet for 31.03.2021 er omarbeida etter eigenkapitalmetoden (sjå note 38 i årsrekneskapen).

Det utarbeidast ikkje konsernrekneskap då investering i gjenverande dotterselskap vurderast som uvesentleg.

Balanse

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.03.2022	Omarb. 31.03.2021*	31.12.2021
Eignelutar				
Kontantar og fordringar på sentralbanken		34.450	35.905	35.985
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	1.401.345	876.152	1.217.527
Netto utlån til kundar	3	9.817.365	9.136.839	9.645.362
Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6, 7	204.535	344.926	205.046
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6, 7	553.913	513.988	549.381
Investeringar i felleskontrollerte verksemder	6	173.561	179.619	172.576
Utsett skattefordel		1.650	-1.461	1.782
Varige driftsmidlar		49.702	53.981	50.825
Andre eignelutar		36.534	19.267	34.977
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		5.555	6.667	7.958
Sum eignelutar		12.278.609	11.165.884	11.921.420
Gjeld				
Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	3.767	1.239	5.160
Innskot frå og gjeld til kundar	6, 9	8.919.719	7.736.477	8.397.137
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7, 9	1.649.817	1.817.871	1.817.258
Anna gjeld	4	47.415	43.458	61.325
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		9.749	8.027	7.663
Avsetning til forpliktingar		10.639	9.281	9.690
Ansvarleg lånekapital	6, 8	150.765	150.633	150.722
Sum gjeld		10.791.871	9.766.985	10.448.954
Eigenkapital				
Eigardelskapital	11	100.000	100.000	100.000
Overkursfond		193	193	193
Utjamningsfond		37.791	24.838	37.791
Sparebankfondet	5	1.174.820	1.076.728	1.174.820
Gåvefond		24.691	20.116	28.479
Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482
Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		81.369	89.800	81.369
Annan eigenkapital		16.393	35.742	-1.667
Hybridkapital	6	50.000	50.000	50.000
Sum eigenkapital	5	1.486.738	1.398.898	1.472.465
Forvaltningskapital		12.278.609	11.165.884	11.921.420

* Balansen per 31.3.2021 er omarbeida etter eigenkapitalmetoden (sjå note 38).

Det utarbeidast ikkje konsernrekneskap då investering i gjenverande dotterselskap vurderast som uvesentleg.

Eigenkapitaloppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	Eigardels- kapital	Overkurs og kom- pensa- sjonsfond	Spare- bank- fondet	Utjam- nings- fond	Gåve- fond	Fond for vurderings- forskjellar	Hybrid- kapital	Annan eigen- kapital	Kompens- asjons- fond	Sum eigenka- pital
Eigenkapital per 31.12.2020	100.000	193	1.076.728	24.838	25.144	84.887	50.000	5.714	1.482	1.368.987
Disponert Årsresultat	-	-	98.092	12.952	15.000	2.942	1.846	-	-	130.832
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-434	-	-2.382	-	-2.815
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-1.846	-	-	-1.846
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-11.666	-	-	-	-	-11.666
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-	-	-	-	-5.000	-	-5.000
Andre EK effekter frå SB1 Gruppen	-	-	-	-	-	-2.809	-	-	-	-2.809
Korrigeringsom følge av nedsal i FKV	-	-	-	-	-	-3.218	-	-	-	-3.218
Eigenkapital per 31.12.2021	100.000	193	1.174.820	37.791	28.479	81.369	50.000	-1.667	1.482	1.472.465
Eigenkapital 01.01.2022	100.000	193	1.174.820	37.791	28.479	81.369	50.000	-1.667	1.482	1.472.465
Udisponert resultat	-	-	-	-	-	-	-	19.360	-	19.360
Udisponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	-	399	-	399
Urealisert gevinst/tap aksjer	-	-	-	-	-	-	-	-1.194	-	-1.194
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-	-504	-	-504
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-3.788	-	-	-	-	-3.788
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Andre EK effekter frå SB1 Gruppen	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Eigenkapital per 31.03.2022	100.000	193	1.174.820	37.791	24.691	81.369	50.000	16.393	1.482	1.486.738

Kontantstrømoppstilling

(Tal i heile tusen kroner)	31.03.2022	31.12.2021
Resultat før skatt	22.530	151.215
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollert verksemd	-1.168	-44.073
+ av- og nedskrivningar	1.481	6.844
+ Tap på utlån/garantiar	10.350	9.009
- Betalbar skatt	-24.340	-24.998
Tilført frå årets verksemd	8.853	97.998
Endring andre fordringar	846	-10.691
Endring anna kortsiktig gjeld	-2.153	8.920
Endring utlån	-182.352	-481.678
Endring kredittinstitusjonar	-183.818	-746.380
Endring innskot frå kundar	522.582	1.181.335
Endring innskot kredittinstitusjonar	-1.393	-174.242
Endring sertifikat og obligasjonar	511	140.834
A) Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet	163.075	16.097
Brutto investeringar i bygningar/driftsmidlar	-358	-2.308
Avgang bygningar/driftsmidlar	0	1.566
Utbetaling ved kjøp av langsiktige investeringar i verdipapir	0	-38.590
Innbetaling ved sal av langsiktige investeringar i verdipapir	4.532	384
Utbytte frå investeringar i felleskontrollert verksemd	0	41.131
B) Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	4.173	2.183
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar*		
Opptak av gjeld gjennom utferding av verdipapir	0	400.000
Tilbakebetaling av utferda verdipapir	-164.000	-400.000
Utbetaling av utbytte og gåver	-3.788	-16.666
Betaling av renter på fondsobligasjon	-504	-1.846
Utbetaling av leigeforpliktelse	-493	-1.814
C) Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	-168.785	-20.326
A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	-1.536	-2.046
Likviditetsbeholdning inngåande balanse	35.985	38.032
Likviditetsbeholdning utgåande balanse	34.450	35.985
Endring	-1.536	-2.046

*Endring i Finansieringsaktiviteter

Finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	31.03.2022	Emittert 31.3.2022	Løyst inn 31.3.2022	31.12.2021
Verdipapirgjeld				
Sertifikatgjeld, nominell verdi	-	-	-	-
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	1.646.000	-	-164.000	1.810.000
Verdijusteringar og påløpne renter	3.817	-	-	7.258
Sum verdipapirgjeld	1.649.817	-	-164.000	1.817.258
Ansvarleg lånekapital				
Ansvarleg lånekapital, nominell verdi	150.000	-	-	150.000
Verdijusteringar og påløpne renter	765	-	-	722
Sum ansvarleg lånekapital	150.765	-	-	150.722
Total finansieringsaktiviteter bokført som gjeld	1.800.582	-	-164.000	1.967.980
Finansieringsaktiviteter bokført som egenkapital				
Hybridkapital	50.000	-	-	50.000
Betalte renter hybridkapital	-	-	-504	-
Sum hybridkapital	50.000	-	-504	50.000

Notar til rekneskapet

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.01.2022 - 31.03.2022, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa som har lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2021.

I samband med at alle aksjane i Eiksundregionen Eigedom AS vart solgt i andre kvartal 2021 opphøyrer føring av konsernrekneskap. SpareBank1 Søre Sunnmøre sin eigenandel i Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) blir konsolidert inn etter eigenkapitalmetoden.

I samband med at plikta til å føre konsernrekneskap opphøyrde, har morbanken endra rekneskapsprinsipp for eigarandelen i Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Eigarandelen i SamSpar rekneskapsførast no etter eigenkapitalmetoden i morbanken sitt rekneskap. Historisk har ein i morbankrekneskapen rekneskapsført eigarandelen i SamSpar til kost, jf. IAS 27 punkt 10. Historiske tal er omarbeida.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Note 2 – Segmentinformasjon

Leiinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofil og er delt opp i privatmarknad, inkludert sjølvstendig næringsdrivande, og bedriftsmarknad. Banken sine egne investeringsaktivitetar er ikkje eit separat

rapporterbart segment og kjem fram under posten ufordelt saman med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område og rapportering på geografiske sekundærsegment gir lite tilleggsinformasjon.

31.03.2022

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	26.308	11.294	-382	37.221
Netto provisjons- og andre inntekter	15.447	2.421	1.748	19.616
Driftskostnader	-23.645	-6.984	-2.456	-33.085
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	9.127	9.127
Tap på utlån og garantiar	-377	-9.788	-185	-10.350
Gevinst sal/nedskrivingar varige driftsmidlar	-	-	-	-
Resultat før skatt	17.733	-3.056	7.853	22.530
Balanse				
Utlån til kundar	7.962.499	1.937.262	-	9.899.761
Tap på utlån	-15.527	-50.485	-	-66.012
Andre eignelutar	-	-	2.444.859	2.444.859
Sum eignelutar per segment	7.946.972	1.886.777	2.444.859	12.278.609
Innskot frå og gjeld til kundar	5.211.566	3.708.162	-	8.919.728
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.358.890	3.358.890
Sum eigenkapital og gjeld per segment	5.211.566	3.708.162	3.358.890	12.278.618

31.03.2021

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
Resultatrekneskap				
Netto renteinntekter	23.767	11.277	-324	34.719
Netto provisjons- og andre inntekter	16.102	3.932	2.124	22.158
Driftskostnader	-21.974	-7.010	-2.259	-31.243
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	20.025	20.025
Tap på utlån og garantiar	923	-3.255	70	-2.262
Gevinst sal/nedskrivingar varige driftsmidlar	-	-	-	-
Resultat før skatt	18.817	4.943	19.637	43.397
Balanse				
Utlån til kundar	7.310.775	1.865.579	-	9.176.354
Avsetning for tap	-14.019	-35.487	-	-49.506
Andre eignelutar	-	-	2.039.035	2.039.035
Sum eignelutar per segment	7.296.756	1.830.092	2.039.035	11.165.884
Innskot frå og gjeld til kundar	4.722.919	3.013.558	-	7.736.477
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.429.407	3.429.407
Sum eigenkapital og gjeld per segment	4.722.919	3.013.558	3.429.407	11.165.884

Note 3 – Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

Brutto utlån fordelt på risikogruppe	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Svært låg risiko	3.974.780	3.457.328	3.904.850
Låg risiko	3.124.947	3.195.109	3.109.220
Middels risiko	2.047.052	2.258.503	2.014.800
Høg risiko	364.879	113.582	363.204
Svært høg risiko	139.143	94.008	153.092
Mislegghald og nedskrive	248.960	57.824	160.606
Sum Brutto utlån	9.899.761	9.176.354	9.705.772
Brutto utlån fordelt på sektor og næring	31.03.2022	31.03.2021	31.12.2021
Lønstakarar o.l.	7.962.499	7.310.775	7.786.503
Offentleg forvaltning	362	484	33.517
Jordbruk/skogbruk	110.508	108.201	124.440
Fiske/fangst	3.513	5.493	6.302
Havbruk	47.338	127.630	50.939
Shipping	1.907	812	580
Offshore og oljerelatert verksemd	214.816	302.602	215.456
Industri og bergverk	49.896	50.070	50.103
Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning	451.346	383.601	436.698
Hotell og handel	158.037	139.743	150.259
Transport og anna tenesteytande verksemd	92.002	47.633	91.938
Finansieringsverksemd	205.751	146.860	181.285
Eigedomsdrift	334.608	330.199	370.090
Forretningsmessig tenesteyting	121.664	98.803	66.143
Næringar elles	145.513	123.448	141.520
